



TysseLand Arkitektur AS
Olafia Zoega

Referanser:
Dykkar:
Vår: 16/843 - 16/14060

Saksbehandlar:
Marianne Aadland Sandvik
marianne.aadland.sandvik@meland.kommune.
no

Dato:
05.07.2016

Godkjenning - GBNR 23/567 - Løyve til tilkopling til kommunalt VA-anlegg og igangsettingsløyve for graving og grunnarbeid for BK04 - Elvaåsen

Administrativt vedtak. Saknr: 232/2016

Tiltakshavar: Boligbygg Vest AS
Ansvarleg søkjar: TysseLand Arkitektur AS
Søknadstype: Søknad om igangsetting av tiltak med ansvarsrett etter plan- og bygningslova (pbl) § 20-1, jf. § 21-2, 5. ledd.

SAKSUTGREIING:

Tiltak:

TysseLand Arkitektur AS har på vegne av tiltakshavar, Boligbygg Vest AS, søkt om igangsettingsløyve for graving og grunnarbeid for BK04 i Elvaåsen, gbnr. 23/567. Det vart samstundes søkt om løyve til tilkopling til kommunalt VA-anlegg.

Rammeløyve er gitt administrativt i vedtak 193/2016, datert 10.6.2016.

VURDERING:

Nabovarsling:

Tiltaket vart nabovarsla i samband med søknad om rammeløyve, jf. Pbl § 21-3. Søknad om igangsettingsløyve inneheld ikkje endringar som gjer det naudsynt med ytterlegare varsling.

Lov- og plangrunnlag:

I rammeløyve vart det godkjent oppføring av tomannsbustad i samsvar med reguleringsplan for Elvaåsen, planid: 125620110003. Løyvet vart gjeve på blant anna følgjande vilkår:

- 1) *Innan det blir gitt igangsettingsløyve må det ligge føre godkjent søknad om løyve til tilkopling til kommunalt VA-anlegg.*

Det er søkt om løyve til tilkopling til kommunalt VA-anlegg i søknad journalført 4.7.2016. Meland kommune godkjenner at gbnr. 23/567, BK04, vert tilkopla kommunalt VA-anlegg, jf. pbl §§ 27-1 og 27-2 i samsvar med søknad med vedlegg frå Tysseland Arkitektur AS. På bakgrunn av dette finn administrasjonen at vilkåret i rammeløyvet er oppfylt.

VEDTAK:

«Meland kommune gir i medhald av pbl §§ 20-1 og 21-4 fjerde ledd igangsettingsløyve for graving og grunnarbeid for BK04, Elvaåsen, i samsvar med søknad med vedlegg journalført 4.7.2016.

Vidare gir kommunen løyve til tilkopling til kommunalt VA-anlegg som omsøkt i søknad journalført 4.7.2016.

Tiltaket skal gjennomførast i samsvar med krav og vilkår gitt i eller i medhald av pbl, så fram det ikkje er gitt unntak.

Ansvarsrettar gjeld i samsvar med innsendt gjennomføringsplan motteke 4.7.2016 og innsendte erklæringar, jf. pbl § 23-3.

Dei opplysningane om byggjetiltak og tiltakshavar som går fram av søknaden vert registrert i matrikkelen, jf. matrikkellova.

Igangsettingsløyve fell bort dersom tiltaket ikkje er sett i gong innan tre år, eller dersom tiltaket vert innstilt i lengre enn to år, jf. pbl § 21-9.»

Gebyr:

Gebyr for sakshandsaminga vert ettersendt.

Mynde:

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr. 4 og gjeldande delegasjonsreglement.

Klage:

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i forvaltningslova (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klagt på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast.

Med helsing

Anny Bastesen
sektorsjef teknisk

Marianne Aadland Sandvik
Juridisk rådgjevar byggjesak

Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakere:

Tysseland Arkitektur AS

Olafia Zoega